



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FE-026	20/314

Saksnr	Utval	Type	Dato
085/20	Formannskapet	PS	13.10.2020
068/20	Kommunestyret	PS	22.10.2020

Oppretting av feil i vedtak i sak om interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Vedlegg:

Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde, og val av representantar til Interkommunalt planutval for sjøareal

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Fedje kommune fatta vedtak om deltaking i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland i kommunestyresak 055/20. I dette vedtaket vart det gjort ein feil som må opprettast.

Vurdering

Administrasjonen feilvurderte kven som skulle representere Fedje kommune i planutvalet.

Feilen vart gjort i punkt fire i vedtaket:

4. Fedje kommune vel Jan Torry Sande til medlem med Øyvind Tolleshaug som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

Det skal vere politisk representasjon i planutvalet. Samfunnsplanleggar Jan Torry Sande kan fortsette i arbeidsutvalet som planlagt, men ordførar Stian Herøy må inn som medlem i planutvalet for at den skal ha korrekt representasjon. Planutvalet for interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland treng eit snarleg svar med endring for å kunne konstituere seg.

Folkehelse: Ikkje relevant

Miljø: Ikkje relevant

Økonomi: Ikkje relevant

Konklusjon

Punkt fire i vedtaket i sak 055/20 bør endrast til:

4. Fedje kommune vel ordførar Stian Herøy som representant til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte. Samfunnsplanleggar Jan Torry Sande møter i arbeidsgruppa til IKPU.



Fedje kommune

Forslag til vedtak:

Endra vedtak i sak om interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland for Fedje kommune:

1. Fedje kommune sluttar seg til det interkommunale plansamarbeidet om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Fedje kommune.
3. Fedje kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Fedje kommune vel ordførar Stian Herøy som representant til IKPU . Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte. Samfunnsplanleggjar Jan Torry Sande møter i arbeidsgruppa til IKPU.

Formannskapet - 085/20

F - behandling:

F - vedtak:

Endra vedtak i sak om interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland for Fedje kommune:

1. Fedje kommune sluttar seg til det interkommunale plansamarbeidet om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Fedje kommune.
3. Fedje kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Fedje kommune vel ordførar Stian Herøy som representant til IKPU . Varaordførar Bjørn Solbakk er vara. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte. Samfunnsplanleggjar Jan Torry Sande møter i



Fedje kommune

arbeidsgruppa til IKPU.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 068/20

K - behandling:

K - vedtak:

Endra vedtak i sak om interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland for Fedje kommune:

1. Fedje kommune sluttar seg til det interkommunale plansamarbeidet om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i samsvar med plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i Fedje kommune.
3. Fedje kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Fedje kommune vel ordførar Stian Herøy som representant til IKPU . Varaordførar Bjørn Solbakk er vara. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte. Samfunnsplanleggar Jan Torry Sande møter i arbeidsgruppa til IKPU.

Samrøystes vedteke.